

Organisasjonsnummer: 938626367

Foretaksnavn: Hordaland fylkeskommune

Navn: Sølve Dag Sondbø

Kontonummer: 52010674239

Adresse: Postboks 7900

Postnr.: 5020 Bergen

Telefon: 90075325

E-post: solve.sondbo@hfk.no

Flere søkere:

Bergen kommune, Klimaseksjonen, 964338531, Eva Britt Isager, evabritt.isager@bergen.kommune.no, 90042544

Aust-Agder fylkeskommune, 943039046, Torstein Thorsen Ekern, torstein.thorsen.ekern@austagderfk.no, 90982959

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Fylkesmannen i Hordaland

SØKNAD

REFERANSENR.: 18S8FD84

Utrulling av Klimapartner til enda fleire fylker

Type tiltak: Klimagassreducerende tiltak i andre sektorer - gjennomføring

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Klimapartnerne er eit nettverk for private og offentlege verksemder. Deltakarane samarbeider om klimatilskott, lagar årlege klimarekneskap, forpliktar seg til å bli miljøsertifiserte og betalar medlemskontingent. Klimapartnerne Agder som dekkjer begge Agderfylka starta i 2009 og har 50 partnarar med over 25 000 tilsette og 12 000 studentar. Klimapartner Hordaland starta i 2014 og har 30 partnarar med over 50 000 tilsette og 30 000 studentar

Under Arendalsuka 2014 inviterte Klimapartnerne Agder til møte om nasjonal utrulling. Fleire fylke og kommunar uttrykte behov for større nasjonalt samarbeid om effektive klimatilskott på regionalt nivå. Agder og Hordaland sine prosjektleiarar er inviterte til fleire fylke for å fortelje om modellen. Fylkesutvalet i Troms og Fylkesutvalet i Rogaland har vedtatt å opprette Klimapartnerne. Klimapartner Troms vart skipa 9.2.2017 med eit velykka partnarmøte med 60 deltakarar. 17 verksemder signerte partnerskapsavtale. Klimapartner Rogaland har oppstartsmøte 21. februar 2018. Trønderlag fylke har meldt interesse og har saka til politisk behandling. Fleire andre fylke har meldt interesse.. Prosjektleiarane deltek på samlingar med sentrale samfunnsaktørar og politikarar og presenterer klimapartnermodellen og dei oppnådde resultatane. Prosjektleiarane er etterspurde og ønskjer å vere til hjelp for andre fylke, med det er vanskeleg å prioritere slik ekstern aktivitet. Budsjetta og ressursane er øyremerkte til dagleg drift av klimapartnerar i eigne fylke, og prosjektleiarane er meir enn fullt engasjerte i å følgje opp klimainnsatsen til sine eigne verksemder.

Tiltaket går ut på å fortsatt frikjøpe prosjektleiarane i Agder og Hordaland med til saman om lag ei 50 % stilling i eitt år frå haust 2018.. Dette vil gjere at dei framleis kan bruke ressursar på å hjelpe andre fylke som vil i gang med klimapartnermodellen. Dei skal fasilitere og gje råd om arbeidet, utveksle erfaringar og

byggje nettverk mellom regionane. Dei skal styrkje kontakten med sentrale aktørar og nasjonale styresmaktar og gje råd om kvifor og korleis dette bottom-up klima-initiativet faktisk gjev konkrete resultat.

Konkret:

Rådgeving, opplæring og oppfølging av regionar som har vedteke oppretting av klimapartner-nettverk, herunder Troms, Rogaland og Trøndelag.

Fortsatt støtte til reise og følgje opp direkte regionar som vurderer å gå i gang med Klimapartnerar. P.t. Akershus, Telemark, Nordland, Oppland, Trøndelag.

Ferdigstille ein felles startpakke med nødvendig informasjon til alle regionane som vurderer å gå i gang med Klimapartnerar.

Heve kvaliteten på opplæringsmateriell og profesjonalisere uttrykk på nettsider og sosiale media.

Hjelp til arrangement som nasjonale nettverkstreff og representasjon og synleggjering av Klimapartnerar.

Hvordan vil tiltaket gi reduksjon i klimagassutslippene?

Sidan oppstart av Klimapartner Agder i 2009 har dei opphavlege 10 partnerane meir enn halvert utsleppa sine. I 2015 var samla utsleppsreduksjonar for alle klimapartnerane på over 9 % og 2016 var samla utsleppsreduksjonar på 7 %..

Verksemdene i Klimapartner Hordaland har for 2015 oppnådd ein samla nedgang i utslepp av klimagassar på 9,2 % (marknadsbasert metode), utanom prosessutslepp. I 2016 gjekk samla klimagassutslepp hos partnare i Hordaland ned 3.2 %. Klimarekneskapane vert utarbeidd i medhald av GHG-protokollen og dokumenterer at arbeidet er effektivt, målretta og leverer konkrete resultat.

Dei gode resultatata og erfaringane i Agder og Hordaland har skapt stor interesse i andre regionar.

Hvilke virkninger, i tillegg til reduksjon i klimagassutslipp, vil tiltaket ha?

Ei rekkje grøne varar og tenester er utvikla i Klimapartner-nettverka. Sjå:<http://www.klimapartner.no/>

Hordaland fylkeskommune har vurdert Klimapartner Hordaland i høve til fylkeskommunen sine politikkområde. Vurderinga syner:

Klimapartner Hordaland medverkar til grøn samfunns- og næringsutvikling ved at partnerane er forplikta til å utvikle produkt eller tenester som bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Partnerane sine mange døme på beste praksis er resultat som støtter opp om næringsstrategi 1 Meir entreprenørskap og innovasjon.

Opplæringa i m.a. miljørekneskap og innkjøp styrker verksemdene si konkurransevne og omdøme og gjer dei betre i stand til å oppnå klimamål. Det styrker det regionale fagmiljøet på energi- og miljøstyring og innkjøp, og gir den enkelte medarbeidar auka motivasjon og kompetanse. Verksemdene blir meir attraktive som arbeidsplass og arbeidet støtter opp om næringsstrategi 2 Fleire med meir relevant kompetanse.

Klimapartner Hordaland har transport og mobilitet som tema og tar opp dei tilsette sine reisevanar. Med 40

000 tilsette i Bergensregionen vil partnerane sine reisevanar gjere ein synleg forskjell i trafikksituasjonen. Arbeidet støtter opp om næringsstrategi 3 Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale sentre.

Tilsvarande vurdering kan gjerast for Klimapartnere Agder og vil gje dei same positive resultat.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil ha nokon negative verknader. Tvert om vil det medverke til positiv regional utvikling og samarbeid i dei nye klimapartner-nettverka som vert etablerte som resultat av tiltaket. Det vil medverke til betre samarbeid på tvers av regionane, og det vil styrkje Noreg si satsing på klimatiltak på kommunenivå.

I denne rapporten viser vi praktiske eksempler fra ti av medlemmene i Klimapartnere Hordaland - et nettverk som siden 2014 har samlet private bedrifter og offentlige virksomheter til samarbeid for å redusere egne klimagassutslipp og stimulere til grønn samfunns- og næringsutvikling.
<http://klimastiftelsen.no/rapport-beste-praksis-2018/>

Det er et mål at tiltakene som får støtte skal ha spredningspotensial og overføringsverdi til andre fagområder eller kommuner, og være nyskapende ved å prøve ut nye løsninger. Hvordan kan tiltaket bidra til noe av dette?

Sjå over. Tiltaket er eit bottom-up tiltak som vil kunne matche statlege initiativ om å stimulere til klimatiltak i kommunar og næringsliv.

Tiltaket vil styrkje innsatsen for eit grønt skifte og eit grønt næringsliv.

Det geniale med Klimapartner-modellen er at private og offentlege verksemder kjem saman som likeverdige aktørar, utvekslar erfaringar, lærar av kvarandre og samarbeidar om løysingar. Modellen har stort spreingspotensial og det er kjernen i tiltaket vi søker om støtte til.

Tiltaket vil medføre endringer i aktivitet eller utslipp. I den grad det er mulig å tallfeste effekten av tiltaket bør det foretas registreringer eller tellinger før og etter tiltaket er gjennomført. Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

Dei årlege klimarekneskapane er obligatoriske å utføre for alle partnerane. Det vert gjeve opplæring, og metodane vert stadig betre. Fleire av partnerane arbeider seriøst for at klimarekneskapen skal bli sidestilt med økonomiske rekneskap og den lovpålagde hms-rapporteringa. Jamfør dei tre pilarane i berekraftig utvikling.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

Søknaden er forankra hjå politisk leiing i Hordaland fylkeskommune. Fylkesordføraren støttar søknaden, mellom anna på bakgrunn i vedtak i fylkesting og fylkesutval.

Status som klimapartner er forankra politisk i Aust- og Vest Agder fylkeskommunar, Troms fylkeskommune og Bergen kommune. Klimapartnere Agder er med på og støttar søknaden. Bergen kommune ved byråd for klima, kultur og næring er med på og støttar søknaden. Sjå vedlegg til Klimasatssøknaden vår for 2017..

Gjennomføring

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket når tiltaket er gjennomført?

Klimapartner-modellen føreset at dei regionale partnerskapane er sjølv-drivne, inklusiv økonomisk medverknad frå den respektive fylkeskommunen. Korleis ein skal ivareta samarbeidet mellom dei ulike regionale nettverka bør også belyst i tiltaket. Er det realistisk å etablere eit formalisert nettverk utan eit sentralt sekretariat?

Hva er forventede driftsoppgaver og årlige driftsutgifter?

Driftsoppgåve:

Kontakt med og mellom eksisterande klimapartner-nettverk

Respondere aktivt på førespurnader frå interesserte fylke som ønskjer å etablere klimapartner - delta på møte, halde innlegg, marknadsføre modellen, vere rådgjevar og fasilitator

Kontakt med Miljødirektoratet og andre statlege aktørar om ytterlegare utrulling

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

50 % støttestilling i eitt år frå september 2018 til september 2019. Dette gjer at prosjektleiarane i Agder og Hordaland til saman kan frikjøpast i ein 50 % stilling i eitt år. kr. 450 000.

Profesjonalisering og kvalitetssikring av materiell og nettsider, tilhøyrande utgifter. kr. 50 000. Reiseutgifter kr. 35 000.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Oppgåve

1. a) Følge opp interesserte fylkeskommunar og drive opplæring og rettleiing. b) Lage opplegg for vidare kontakt med eksisterande og potensielle Klimapartner-regionar. c) evt. fasilitere ei samling
2. a) Vidareutvikle informasjonsmateriell og felles strategi for Klimapartner-nettverk, - b) publisere på ulike plattformer som Facebook-sida, evt. ny blogg-side.
3. a) Etter invitasjon delta på møte hjå aktuelle kandidat-nettverk. b) Marknadsføre konseptet på relevante møte og konferansar.

Ansvarleg

Hordaland fylkeskommune (Hfk) er ansvarleg søkjar. Klimapartner Hordaland og Klimapartner Agder er utførande. Organisering av frikjøp og arbeidsdeling mellom prosjektleiarane fastsetjast nærare i ein eigen avtale.

Tidsbruk

Tiltaket der er søkt om skal utførast i løpet av eitt år, med oppstart så snart som muleg etter at tilsagn vert gjeve. Midlane er berekna å dekkje eit halvt årsverk.

Sluttidspunkt

Med start i september 2018 skal tiltaket vere ferdig i september 2019.

2. a) Utarbeide informasjonsmateriell om Klimapartner-nettverk, - kvifor og korleis. b) publisere på ulike plattformer som Facebook-sida, evt. ny blogg-side.

3. a) Etter invitasjon delta på møte hjå aktuelle kandidat-nettverk. b) Marknadsføre konseptet på relevante møte og konferansar.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

IKlimapartner Agder og Klimapartner Hordaland kan ikkje store nok budsjett til tiltaket. Våre budsjett er øyremerka arbeidsoppgåver i egne nettverk.

Våre prosjektleiarar har avdekket eit stort behov og har stilt opp for å stimulere til og hjelpe nye klimapartner-nettverk. Vi ser at det er ikkje så mykje som skal til for å utløse dei nye nettverka. Klimasatsmidlar vil utgjere forskjellen og gjer det muleg å etablere fleire klimapartner-nettverk.

Vidare utvikling av klimarekneskap er ein sentral del av klimapartner-modellen, vil kome alle nettverka til gode og representerer Agder og Hordaland sin konkrete eigeninnsats i tiltaket.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Tilskot til frikjøp av prosjektleiarar	450 000
Profesjonalisering og kvalitetssikring av materiell og nettsider, tilhøyrande utgifter	50 000
Reiseutgifter	35 000
Vidare utvikling av klimarekneskap, oppsummere erfaringar og forslag til justeringar.	200 000
Total sum	735 000

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	735 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
- Egne midler	200 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	535 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Ja, men det vil redusere kapasiteteten

Ja posten Profesjonalisering og kvalitetssikring kan om nødvendig reduserast noko.

Eigeninnsats vil bli større enn det som går fram av søknaden. Den samla kompetansen til Klimapartnere Agder og Klimapartner Hordaland vil stå til rådvelde for potensielle nye nettverk. Dette har vi ikkje rekna på, men det vil utgjere eit betydeleg beløp.

Utdyping finansiering

Har tiltaket mottatt eksterne midler? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

Ingen vedlegg

Merknad:

Se vedlegg frå søknad i 2017.

[sign] Sølve Dag Sundbø for Hordaland fylkeskommune

Lvert 06.02.2018